



Vegen Stanghelle – Dale.

Teikna av Johan Stanghelle.

VEGEN STANGHELLE-DALE STETTAR IKKJE KRAVA TIL EI UTVIDA FERDSLE.

Johan Stanghelle

Johan Stanghelle (1898-1958) var mykje nytta som kommentatorteiknar i avisa Bruvik på 1950-talet. Kommentaren her stod på prent 12.november 1954. Johan Stanghelle var tilsatt ved BKK og køyrde vegen Stanghelle-Dale så og seia dagleg. Kvar gong var det å opna og lukka 16 grinder på turen, og 32 gongar ut og inn av bilen ! Først i 1979 vart vegtilhøva monaleg betre med tunnelen i Dalevågen. –

Forfattar av kommentaren kan vera Andreas Arne eller Thomas Stokke som lagde bladet Bruvik. Teksten kan også stå som eit apropos til det komande vegarbeidet og bruk av vegen Helle-Dalegarden som omkøyringsveg våren 2005.

Det må takast omsyn til dette alt no.

Vegsambandet Vaksdal-Dale ser ut til å koma innan få år. Førrebils er det mest om å gjera å få sambandet oppretta mellom Vaksdal og Stanghelle. Men vegen frå Stanghelle til Dale vil så i neste omgang by på så store ulemper for ferdsla at det vil krevja ei vesentleg omlegging. Nokon bussrute Vaksdal-Dale kan ikkje koma på tale så lenge der er ein trang jernbaneundergang på Dalegarden. Heller ikkje kan det verta høve til å føra stor godstransport forbi denne flaskehalsen.

Det er mogleg at vegstellet har planar om ny veg frå Dalegarden til Dalebryggja. Den må ikkje la venta for lenge på seg. Men også andre stader ville det vera føremålstenleg å leggja om vegen, ved jernbaneovergangen på Hellestræ og ved Hellestræbrua mellom anna. Etter kvart må heile vegen utvidast og mange stader rettast ut. På Dalegarden kan det elles vera spørsmål om å gå i tunnel under Børjelen. Det kan då koma i neste omgang.

Men i store trekk bør vegstellet ha ein plan for vegen Stanghelle-Dale. Sidan, når dei andre viktige vegsambanda er oppretta, vil det verta svært mykje ferdsle her. Så langt det kan gå inn i ein slik plan, bør ein allereide no gjera tiltak til at køyringa på denne strekninga vert lettare for sjåførane.

Det er 9 km frå Stanghelle til Dale. På den strekninga er det 8 grindar som sjåførane må lata opp og att. I dei fleste høve tyder det at dei må to gonger ut av bilen. Bileigarar og sjåførar ser gjerne at det i staden for grindar vert bygd felås, eller at det vert sett opp skigard langs vegen der det er beitemark.